

## KOMMISJONSAVGJERD

2016/EØS/54/35

av 28. juni 2010

**om godkjenning av Algerie med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av sertifikat***[meld under nummeret K(2010) 4226]*

(2010/363/EU) (\*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 19 nr. 3,

med tilvising til brev av 13. mai 2005 frå dei kypriotiske styresmaktene der dei ber om godkjenning av Algerie for at dei sertifikata som denne staten utferdar, skal kunne godkjennast, og

ut frå desse synsmåtene:

- 1) Medlemsstatane kan ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent at den aktuelle tredjestaten oppfyller krava i den internasjonale konvensjonen om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve (STCW-konvensjonen)<sup>(2)</sup>.
- 2) Som følge av oppmodinga frå dei kypriotiske styresmaktene har Kommisjonen vurdert systema for maritim utdanning, opplæring og sertifisering i Algerie med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjort på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i september 2006.
- 3) I dei tilfella der det vart oppdaga manglar under vurderinga av samsvaret med STCW-konvensjonen har dei algeriske styresmaktene gjeve Kommisjonen dei relevante opplysningane han har bede om, i tillegg til prov på at det er gjennomført høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp dei fleste av desse manglane.
- 4) Dei resterande manglane med omsyn til opplæring og sertifisering av sjøfolk gjeld stort sett manglande spesifikke lovføresegner om bruk av simulatorar og eit

tydeleg samsvar mellom utferding av algeriske sertifikat og visse opplæringskrav i STCW-konvensjonen og det tilhøyrande regelverket. Dei algeriske styresmaktene er difor vortne oppmoda om å gjennomføre fleire korrigerande tiltak på dette området. Desse manglane gjev likevel ikkje grunn til å tvile på at dei algeriske systema for utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk generelt er i samsvar med STCW-konvensjonen.

- 5) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane frå algeriske styresmakter viser at Algerie oppfyller dei relevante krava i STCW-konvensjonen samstundes som denne staten har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat, og at Algerie difor bør godkjennast av Unionen.
- 6) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

Algerie er godkjend med omsyn til utdanning, opplæring og sertifisering av sjøfolk med sikte på godkjenning av dei sertifikata som denne staten utferdar.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal nyttast frå den dagen medlemsstatane har fått melding om ho.

Utferda i Brussel, 28. juni 2010.

*For Kommisjonen*

Siim KALLAS

*Visepresident*

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 163 av 30.6.2010, s. 42, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 112/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 35.

(<sup>1</sup>) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

(<sup>2</sup>) Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.